

# Ryfylke veterankjøretøyklubb

[www.ryveteran.no](http://www.ryveteran.no)

- Du har sikkert fått med deg oppslag i Strandbuen om at det er starta ein ny klubb som ønsker å ta vare på gamle kjøretøy og den historia som er knytta til bådekjøretøya og transporten på vegane.

## Noko for deg og di bedrift?

Dette er eit spesielt tilbud til deg som ser verdien i at kjøretøy og historia knytta til desse blir tatt vare på og dokumentert - og som vel heller ikkje egentlig hadde tenkt å bli medlem i klubben....

Klubben har fått tilgang til svært praktiske lokale på Fiskå. For å få liv i denne draumen om eit levande miljø her, må me i tillegg til pågangsmot og interesse også ha litt pengar å handla for nå i oppstarten, m.a. for å rusta opp klubblokala. Styret i klubben er Tore Voster, Kjell Johan Vigane, Gørill S.Østerhus, Jan Knutsen og Magnar Hapnes.

Me veit at det er mange i lokalsamfunnet som set pris på at denne historia blir tatt vare på - og som har glede av å sjå kjøretøya i trafikken, enten til brullupskjøring, i 17.mai-toget - eller i den daglige trafikken. Eller i veterankjøretøyløp!

Og fordi me meiner at mange andre også har glede av det me driv på med, har me tru på at gode krefter i lokalsamfunnet vil støtta oss med pengar - eller varer og utstyr.

For Ryfylke veterankjøretøyklubb

Tore Voster  
- form. -

Kontonr. 3205.22.48433

- På førehand takk for støtte!